

Fiskeridirektoratet

**PELAGISK FORENING SI UTTALING
HAVBRUK TIL HAVS NYE OMRÅDE TIL UTTALE**

Pelagisk Forening viser til brev av 11.2.22.

Pelagisk Forening meiner at det ikkje må plasserast havbruk på fiskebankane. Dette er område som er både gyte- og fiskefelt.

M.a. er Sklinnabanken gyteområde for norsk vårgytande sild.

Pelagisk Forening meiner det ikkje er berekraftig å plassera oppdrettsanlegg i slike område.

Pelagisk Forening meiner at dei biologiske konsekvensane av havbruk til havs ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd. Det bør avklarast kva konsekvensar av utslepp av medisin, utslepp av rester frå fôr, fiskeavføring, og kjemikalie frå avlusing har for miljøet i havet.

Som for fiskeri bør det gjelda eit føre-var-prinsipp òg for havbruk til havs.

Direktoratet har bede om innspel for moglegheitene for sameksistens. Pelagisk Forening vil peika på at desse forslaga berre er eit i rekka av ei mengde forslag som tek areal frå fiskerinæringa. I høve til tap av areal er konsekvensen den same, for fiskerinæringa, uavhengig av om det er havbruk, vindturbinar eller oljeplattformer som gjer at eit viktig gyte område påverka av utslepp frå havbruk, og blir stengt for fiskeri.

Pelagisk Forening meiner at det difor blir vanskeleg med sameksistens om det blir havbruk i desse områda.

Pelagisk Forening meiner òg at før fleire havområde blir satt av til havbruk, vindturbinar, eller petroleumsindustri bør det utarbeidast ein heilheitleg plan for dei norske havområda.

Bergen: 6.3.22

Pelagisk Forening/

Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar